

## Referat frå årsmøtet i Hordaland ungdomslag

Åsatur, 19.mars 2023, kl. 12.00 – 16.00

Årsmøtet starta med ein presentasjonsrunde der alle fortalde om kva lag dei kjem frå og litt om kva laget deira driv med.

Kjærsti Gangsø frå Studieforbundet kultur og tradisjon innleidde.

### 1. Opning/konstituering

#### INNKALLING OG SAKLISTE

Innkalling og førebels sakliste vart sendt ut 19. februar.

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.*

#### ORDSTYRAR

*Vedtak: Eli Randmo*

#### SKRIVAR

*Vedtak: Marit Kvamen og Gunn Inger Sture*

#### TELJEKORPS

*Vedtak: Halvor Røyset og Øystein Rambjørg*

### 2. Årsmelding 2022

Gunn Inger Sture la fram årsmeldinga.

Øystein Rambjørg, Kjærsti Gangsø og Borghild Marie Opdahl hadde ordet i saka.

*Vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmelding 2022 for Hordaland ungdomslag, med eit tillegg der det vert gjort greie for arbeidet i Hardanger folkemusikksamling og Hardingfela.no.*

### **3. Rekneskap 2022**

Borghild Marie Opdahl la fram rekneskap og balanse for HU og for Hardangerjol. Halvor Røyset la fram revisjonsmeldinga.

Eli Randmo, Borghild Marie Opdahl og Bjørn Magne Hauge hadde ordet i saka.

*Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen for Hordaland Ungdomslag, og tek revisjonsmeldinga til vitande.*

### **4. Hardangerjol – fordeling av midlar**

Borghild Marie Opdahl la fram saka.

Øystein Rambjørg og Borghild Marie Opdahl hadde ordet i saka.

*Vedtak:*

*Eiga til Hardangerjol vert fordelt på fylgjande måte:*

*Jondal UL, Strandebarm UL, Skare UL, Innstranda UL, Bjørgum UL, Ullensvang UL, Odda UL, Granvin UL, Kysnesstrand UL og Ulvik UL får utbetalt 11 500,- kvar.*

*Hordaland Ungdomslag får overført 115 110,75 kr. Dersom Mundheim UL og Vikebygd UL vert aktive lag i 2023, får dei også utbetalt 11 500,- kvar. Dette beløpet vert teke av HU sin andel av eiga.*

### **5. Vegen vidare for Hordaland ungdomslag**

Marit Kvamen la fram saka.

Borghild Marie Opdahl, Eli Randmo, Øystein Rambjørg, Halvor Røyset, Norvald Syslak, Gunn Inger Sture, Bjørn Magne Hauge, Christian Åsebø Olsen, Ingrid Brakstad og Kjærsti Gangsø hadde ordet i saka.

*Vedtak: Årsmøtet vedtar å ikkje legge ned Hordaland Ungdomslag. Årsmøtet ber styret om å trappe opp aktiviteten i Hordaland Ungdomslag gradvis.*

## **6. Arbeidsprogram 2024**

Marit Kvamen la fram arbeidsprogrammet.

*Vedtak: Årsmøtet godkjenner arbeidsprogram for Hordaland Ungdomslag 2024.*

## **7. Budsjett 2024**

Borghild Marie Opdahl la fram budsjettet.

Halvor Røyset, Borghild Marie Opdahl, Øystein Rambjørg, Norvald Syslak, Bjørn Magne Hauge, Christian Åsebø Olsen, hadde ordet i saka.

*Vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjett for Hordaland Ungdomslag 2024, men opnar for revidering på årsmøtet i 2024 dersom det skjer endringar i organisasjonen.*

## **8. Medlemspengar 2025**

Gunn Inger Sture la fram saka.

*Vedtak: Medlemspengar i Hordaland ungdomslag vert uendra. Medlemspengar er 40 kr for medlemmar over 26 år og 20 kr for medlemmar under 26 år.*

## **9. Fråsegner**

Ingen forslag til fråsegner.

## 10. Innkomne saker (utgåar)

Ingen innkomne saker.

## 11. Val til styre, nemnder, representasjon og utsendingar til Landsmøtet i NU

Vart lagd fram av Gunn Inger

Borghild Marie Opdahl, Øystein Rambjørg, Gunn Inger Sture hadde ordet i saka.

*Vedtak:*

STYRET

*Leiar – Borghild Marie Opdahl, Bergen ul Ervingen – Attval 1 år*

*Styremedlem – Bjørn Magne Hauge, Kløvheim ul – Ny 2 år*

*Styremedlem – Marit Kvamen, Bergen ul Ervingen – Attval 1 år*

*Styret er vedtaksføre med 3 medlemmar.*

HARDANGER FOLKEMUSIKKSAMLING

*Medlem – Øystein Rambjørg, Strilaringen - Ikkje på val*

*Styret spør Anne Marie Øydvin frå Ulvik ungdomslag om ho er villig til å vera personleg vara for 1 år.*

REPRESENTANT I RÅDET FOR HARDINGFELA.NO

*Medlem – Marta Lindvik, Bergen ul Ervingen – Suppleringsval 1 år*

FAGKOMITÉ FOR FOLKEMUSIKKSTIPEND I VESTLAND FYLKE

*Medlem – Marta Lindvik, Bergen ul Ervingen – Suppleringsval 1 år*

I tillegg til styret sitt framlegg, kom det framlegg om at Øystein Rambjørg skulle halda fram.  
Årsmøtet valde Marta Lindvik med 6 stemmer Marta Lindvik. 4 var fråhaldande og 1 stemte på  
Øystein Rambjørg.

ETTERSYNFOLK


Halvor Røyset, Bergen ul Ervingen – Attval 1 år

VALNEMND

Styret får fullmakt til å utpeike ei valnemnd i løpet av året. Om ein ikkje finn personar til vervet,  
må styret vere valnemnd.

PROTOKOLLUNDERSKRIVARAR

Christian Åsebø Olsen og Henrik Fanebust

Handwritten signatures of Christian Åsebø Olsen and Henrik Fanebust.